

---

**Saksnr:** 2023/28351-97  
**Saksbehandlar:** Anders Søyland

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		22.03.2023

**Tildeling av tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde (kap. 1420, post 78)**

## Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering vedtek å løyve kroner 4 150 000, fordelt slik:

Nr.	Søkjjar	Kommune	Namn på friluftsområde	Omsøkt tilskot	Tilrådd tilskot
1	BOF	Fleire	Alle BOF-område	6 005 000	1 650 000
2	BOF	Askøy	Solnes	430 000	200 000
3	BOF	Bergen	Garnes	160 000	65 000
4	BOF	Alver	Elvavika	115 000	75 000
5	BOF	Bjørnafjorden	Ervikane	110 000	70 000
6	Bergen og Omland friluftsråd (BOF)	Askøy	Nordre Tjuavågen	265 000	15 000
7	BOF	Alver	Kvalvågnes	20 000	0
8	BOF	Bergen	Vollane	55 000	55 000
9	BOF	Øygarden	Skogsøy	30 000	10 000
10	BOF	Bergen	Gullbotn	20 000	20 000
11	BOF	Askøy	Haabsøy (Øyarodden)	5 000	5 000
12	BOF	Bjørnafjorden	Søvikvågen	15 000	10 000
13	BOF	Askøy	Kollevåg	5 000	0
14	BOF	Askøy	Haabsøy	5 000	0
15	BOF	Askøy	Herdlevågen kai	5 000	5 000
16	BOF	Bergen	Solviken	5 000	0
17	BOF	Bergen	Sandviksbatteriet	5 000	5 000
18	BOF	Bergen	Toppesanden	5 000	5 000
19	BOF	Alver	Smineset	5 000	0
20	BOF	Bjørnafjorden	Fusanaset	5 000	5 000
21	BOF	Bjørnafjorden	Smivågen	5 000	5 000
22	BOF	Alver	Trettholmen	10 000	0
23	BOF	Bergen	Godvik	10 000	10 000
24	BOF	Bergen	Hordvikhamn	10 000	0
25	BOF	Tysnes	Kyrkjevatnet	10 000	10 000
26	BOF	Bergen	Brunesstykket	10 000	5 000
27	BOF	Øygarden	Kårtveitpollen	10 000	10 000
28	BOF	Bjørnafjorden	Skjelavikjo, Strandvik	10 000	0
29	BOF	Alver	Skageneset	20 000	0

30	BOF	Osterøy	Hjellvikstranda	20 000	10 000
31	BOF	Bergen	Holmen i Arnavågen	15 000	10 000
32	BOF	Bergen	Skjoldabukta	15 000	10 000
33	BOF	Øygarden	Geitvika	15 000	0
34	BOF	Askøy	Skutlevika	10 000	0
35	BOF	Askøy	Lyngvik	10 000	0
36	BOF	Austevoll	Sveholmen	10 000	0
37	BOF	Austevoll	Nordre Navøyvågen	15 000	0
38	BOF	Bergen	Morvik	20 000	20 000
39	BOF	Bergen	Øvre Hellen	30 000	30 000
40	BOF	Alver	Fløksand	50 000	0
41	BOF	Bergen	Sandholna	170 000	75 000
42	BOF	Alver	Io	105 000	0
43	BOF	Bergen	Bakarhavn	95 000	0
44	BOF	Bergen	Kalvtrevik	80 000	0
45	BOF	Bergen	Grønskjeret	75 000	0
46	BOF	Bergen	Kyrkjetangen	65 000	0
47	BOF	Alver	Uttoska	65 000	0
48	BOF	Øygarden	Sundskogen	55 000	55 000
49	BOF	Bjørnafjorden	Stokkavika	40 000	40 000
50	BOF	Bergen	Våganaset	35 000	0
51	BOF	Austrheim	Øksnes	30 000	15 000
52	BOF	Bergen	Store Milde	30 000	0
53	BOF	Bjørnafjorden	Grindevollstøa (Skeisstøa)	30 000	0
54	BOF	Austevoll	Kalsundholmen	25 000	0
55	BOF	Alver	Fisketangen	25 000	0
56	BOF	Bergen	Biskopshavn	20 000	0
57	BOF	Bergen	Tømmervågen	620 000	0
58	BOF	Bergen	Helleneset	485 000	0
59	BOF	Alver	Håøya	2 000 000	0
60	BOF	Øygarden	Setravika	765 000	0
61	BOF	Alver	Vallevik	185 000	0
62	BOF	Øygarden	Ovågen	145 000	0
63	BOF	Osterøy	Kleiveland	45 000	0
64	BOF	Øygarden	Lerøy fort	120 000	0
65	BOF	Samnanger	Teigavika, Bjørkheim	15 000	0
66	BOF	Bjørnafjorden	Ramsholmen	30 000	0
67	BOF	Bjørnafjorden	Skorpo	15 000	0
68	BOF	Askøy	Geitholmen	25 000	0
69	BOF	Askøy	Ytstøyna/Ystøy	75 000	0
70	BOF	Kvam	Sandvenholmen	10 000	0
71	BOF	Øygarden	Hissøyna	300 000	0
72	BOF	Øygarden	Lønøy	200 000	0
73	BOF	Askøy	Skarvøy og Pariserholmane	120 000	0
74	BOF	Øygarden	Buarøy fort	70 000	0
75	BOF	Austrheim	Sauøy	40 000	0
76	BOF	Bjørnafjorden	Kuskjeret	20 000	0
77	BOF	Bergen	Storøen	20 000	0
78	BOF	Øygarden	Langøy	10 000	0
79	BOF	Bergen	Fanaholmen	10 000	0
80	BOF	Askøy	Skorpo	75 000	0
81	Friluftsrådet Vest (FV)	Bømlo	Vevik	200 000	0
82	Stad Kommune	Stad	Søholmen	185 000	60 000
83	Osterøy kommune	Osterøy	Sanatoriet i Haus	105 000	65 000
84	Kvinnherad kommune	Kvinnherad	Malmangervikjo	300 000	300 000
85	FV	Fitjar	Straumøy	150 000	0
86	FV	Bømlo	Ulvøya	250 000	0
87	FV	Bømlo	Fururneset	300 000	300 000
88	FV	Sveio	Leirvågen	250 000	0
89	FV	Kvinnherad	Lykelsøy	300 000	300 000

90	FV	Stord	Ådlandsvatnet	150 000	150 000
91	Kinn kommune	Kinn	Moldøen	150 000	75 000
92	Stryn kommune	Stryn	Kjeldeflata friluftslivsområde	253 000	100 000
93	Alver kommune	Alver	Byngja	200 000	0
94	Kinn kommune	Kinn	Refvika	500 000	300 000
<b>Sum</b>				<b>17 213 000</b>	<b>4 150 000</b>

Utfyllende informasjon og vurdering av kvar enkelt søknad er vist i vedlagt tabell.

Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2023 frå post 460.401, tilskot til tilrettelegging av statleg sikra friluftslivsområde.

### Samandrag

Tilskotsordninga skal medverke til å fremje friluftslivsaktiviteten i dei statleg sikra friluftsområda. Gjennom naturvennleg tilrettelegging og skjøtsel skal områda gjerast lett tilgjengelege og attraktive for allmenta sitt friluftsliv. Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje om tilskot. Alle tiltak i statleg sikra friluftsområde skal vere forankra i godkjende forvaltingsplanar.

Vestland fylkeskommune fekk i 2023 tildelt totalt kr 4 150 000 frå Miljødirektoratet til vidare fordeling. Av desse er kr 3 820 000 ordinært tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde, medan kr 330 000 er øyremerkta tiltak for å betre universell utforming i friluftsområda. Tiltak som fører til auka bruk og betre tilgjenge i friluftsområda er prioritert i tildelinga.

**Per Morten Ekerhovd**  
avdelingsdirektør  
Kultur og folkehelse (KFO)

**Britt Karen Spjeld**  
seksjonssjef  
KFO-Fysisk aktivitet og inkludering

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg:

1. Samanstilling søknadar tiltak statleg sikra område 2023.pdf

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Innan søknadsfristen 1. februar 2023, kom det inn 94 søknader om tiltak i statleg sikra friluftslivsområde i Vestland. Alle søknadane bortsett frå ein er vurdert å kvalifisere for ordninga. 78 av søknadane er frå Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) og 7 frå Friluftsrådet Vest (FV). Det er og søknadar i frå kommunane Stad, Osterøy, Kvinnherad, Kinn, Stryn og Alver.

Tildelte midlar frå Miljødirektoratet til tiltak i statleg sikra friluftsområde i Vestland er i år totalt kr 4 150 000. Total søknadssum frå kommunar og friluftsråd i Vestland var kr 17 213 000. Ettersom samla søknadssum er langt høgare enn den tilgjengelege tilskotspotten er det naudsynt å gjere strenge prioriteringar. Ein stor del av tiltaka det er søkt om får derfor ikkje innvilga tilskot.

Tilskotsmidlane skal nyttast til opparbeiding, tilrettelegging og skjøtsel i dei statleg sikra friluftsområda. Tilskotsordninga har følgande hovudmål:

- Minske dei fysiske hindringane for friluftsliv og legge til rette for auka friluftslivsaktivitet.
- Ivareta kvalitetar knytt til opplevingar i området, og legge til rette for gode naturopplevingar.
- Hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyrning på plante- og dyrelivet og øydelegging av kulturminne og kulturmiljø.

Miljødirektoratet har sett som vilkår for ordninga at mykje brukte område og område i eller nær byar og tettstadar skal prioriterast. I Vestland ligg mange av dei statleg sikra friluftsområda utanfor det som kan definerast som by eller tettstad, det er derfor naturleg at det løyvast ein del midlar til område som ligg utanføre dei mest befolkningstette områda. Kva som er mykje bruk må og sjåast i samheng med kva funksjon området har. Eit område med relativt lågt tal på brukarar kan ha ein viktig lokal funksjon og vere mykje nytta av bebuarane i nærområdet. I handsaminga av søknadane er det vurdert om friluftsområda ligg i gang- eller sykkelavstand til bustadområde eller sentrumsområde i kommunane. Det er og vurdert om områda har eit potensiale for auka bruk som følge av betre tilrettelegging. Det er ved fordeling av midlane lagt vekt på geografisk spreiding, slik at tilskotet skal kome flest mogleg kommunar og innbyggjarar i Vestland til gode.

Friluftsråda har gjort sine egne prioriteringar av tiltaka dei har søkt om. I fordelinga av midlar er det teke omsyn til friluftsråda sine prioriteringane, men det er gjort uavhengige vurderingar av søknadane ut frå dei måla og kriteria som er sett for tilskotsordninga. Nokre tiltak er t.d. prioritert opp fordi friluftslivsområda ligg i nærområda til store befolkningskonsentrasjonar eller fordi tiltaka bidreg til auka friluftslivsaktivitet. Nokre av tiltaka det er søkt om er i grenseland mellom kva som definerast som skjøtsel og drift, t.d. reparasjonar og vedlikehald. Ettersom driftsoppgåver ikkje er omfatta av tilskotsordninga er slike tiltak ikkje prioritert.

Kr 330 000 av dei tildelte midlane er øyremerkta tiltak som fører til større grad av universell utforming i friluftslivsområda. Dette kan t.d. vere utbetring av tilkomstveggar eller oppføring av HC-tilpassa toalett. Slike tiltak er prioritert og er markert i eiga kolonne i vedlagt samanstilling av søknadane.

Ved vedtak om tilskot til tiltak i naturområde skal dei miljørettslege prinsippa i Naturmangfaldsloven § 8 – 10 vurderast. Dei aller fleste tiltak som er prioritert for tilskot er relativt lite omfattande tiltak, t.d. utsetting av bord og benkar, etablering av grillplass, utbetring av eksisterande turveggar ol. For slike tiltak er konsekvensane for naturverdiar vurdert som små eller fråverande. Nokre tiltak er meir omfattande, t.d. oppføring av toalettbygg eller etablering av p-plass. Slike tiltak må normalt byggehandsamast og det vil i den samheng måtte gjerast ei eiga vurdering av dei miljørettslege prinsippa. I oversiktstabellen for søknadane er konsekvensane for naturmangfald vurdert i eiga kolonne. I denne vurderinga er det nytta eksisterande informasjon om m.a. naturtypar og artsførekomststar som er registrert i naturbase. Ingen av dei tiltaka det er søkt om er vurdert å utgjere nemneverdige konsekvensar for naturmangfald. Ved tildeling av tilskot til tiltak som potensielt kan kome i konflikt med naturverdiar, vil dette kommenterast i tildelingsbrev og det vil evt. gjevast vilkår om korleis tiltaka skal utførast for å skåne naturverdiane.

<b>Budsjett:</b>	kr 4 150 000 er tildelt Vestland fylkeskommune for vidare fordeling til søknadar frå kommunar og friluftsråd.
<b>Søknadsfrist:</b>	1. februar
<b>Kriteria og informasjon:</b>	<a href="https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/tilskot-til-tiltak-i-statleg-sikra-friluftsomrade/">https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/tilskot-til-tiltak-i-statleg-sikra-friluftsomrade/</a>
<b>Søknadar 2022</b>	
Tal på søknadar:	94
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	38
Samla søknadssum:	kr 17 213 000
Tilrådd samla løyving:	kr 4 150 000

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering har avgjerdsmynde i saker om «fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde», jf. reglement for kultur, idrett og inkludering punkt 3, tredje kulepunkt.

### Økonomi:

Vestland fylkeskommune er for 2023 tildelt til saman 4 150 000 kr til tiltak i dei statleg sikra friluftsområda. Dette er statlege tilskotsmidlar og tildelinga vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2023 frå post 460.405, tilskot til tilrettelegging av statleg sikra friluftslivsområder.

### Klima:

Tilrettelegging av statleg sikra friluftsområde har få direkte konsekvensar for klimagassutsleppa i Vestland. Friluftsområde som er nær byar og tettstadar og som enkelt kan nåast utan bruk av bil eller båt prioriterast, slik reduserast transportbehova og dei indirekte klimagassutsleppa som følge av transport.

### Folkehelse:

Å sikre at befolkninga har tilgang til godt tilrettelagte område for rekreasjon og friluftsliv, bidreg til ei meir aktiv befolkning og til betre folkehelse. Å ha tilgang til tilrettelagte friluftsområde i nærområda bidreg for mange til betre livskvalitet.

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Friluftsliv er kanskje den mest utbreidde fritidsaktiviteten i Noreg og er noko som eit breitt lag av befolkninga driv med på regelmessig basis. Å legge til rette for at flest mogleg kan gå på tur og drive med friluftsliv i nærleiken av der dei bur, bidreg til sosial utjamning og betre folkehelse. Å ha tilgang til friluftslivsområde og gode turopplevingar i nærområdet er for mange ein viktig kvalitet. Ein kommune som har eit godt friluftslivstilbod og gode turområde vil for mange vere ein attraktiv bustadkommune

### Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at tildelte midlar til tilrettelegging og skjøtsel i statleg sikra friluftsområde vert fordelt slik det går fram av tabellen i forslag til vedtak.